

Riber Vidar

Vår dato: 23.04.2014

Vår ref.: 200700818-26

Arkiv: 317

Dykkar dato: 11.04.2014

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ole Per Schei

Nye Bjølvo kraftverk - om framdrift etter oppheving av mellombels fredningsvedtak

Vi viser til e-post frå Vidar Riber, datert 11.4.2014, med orientering om status for arbeidet med rivinga av gamle Bjølvo kraftverk, og til ytterlegare orientering i telefonsamtale 23.4.2014. Vi viser òg til vårt vedtak om godkjenning av detaljplan for nedbygginga av gamle Bjølvo kraftverk datert 9.3.2006 og til brev om utsett frist for gjennomføring datert 10.3.2008.

Statkraft fekk ved kgl.res den 7.4.2000 løyve til å bygge nytt Bjølvo kraftverk. Nytt Bjølvo kraftverk skulle erstatte gamle Bjølvo kraftverk. Etter at det nye anlegget vart sett i drift vart det gamle anlegget sett ut av drift våren 2004.

NVE gjorde vedtak om godkjenning av detaljplan for nedbygging/riving av gamle Bjølvo kraftverk i vårt vedtak datert 6.3.2006. Vedtaket vart påklaga av Hordaland fylkeskommune. Olje- og energidepartementet stadfesta i brev datert 17.1.2007 NVE sitt vedtak.

I brev frå NVE datert 10.3.2008 vart frist for gjennomføring av riving av gamle Bjølvo kraftanlegg sett til utgangen av 2010.

NVE vart, i brev frå Statkraft Energi A/S datert 21.10.2009, gjort kjent med at Hordaland fylkeskommune, med heimel i Lov om kulturminne av 9.6.1978, nr 50, § 22, hadde gjort vedtak om mellombels freding av heile det gamle kraftanlegget. Rivingsarbeidet kunne soleis ikkje effektuerast før tilhøvet til fredningsvedtaket var avklara. I brev datert 11.2.2014 oppheva Hordaland fylkeskommune den mellombelse fredinga av gamle Bjølvo kraftanlegg. I vedtaket ber fylkeskommunen om at Statkraft gjennomfører ein detaljert og utfyllande dokumentasjon av arbeidet.

I dykkar e-post datert 11.4.2014 står det at de har kalla inn aktuelle partar for å planlegge dokumentasjonsarbeidet. Det går vidare fram at de er usikre på om sjølve rivingsarbeidet vil ta til i 2015 eller 2016.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Vi viser til frist som er sett i vår tidlegare brev, sist i vårt brev datert 10.3.2008 og ber om at det, så snart planane for dokumentasjon av anlegget er fastsett, vert sendt inn ein framdriftsplan for rivingsarbeidet for vår godkjenning. Frist for innsending av slik plan vert med dette sett til **1.10.2014**.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole Per Schei
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutiner.

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Nystad Erling
Solbakken Jarle
Statkraft - Region Vest-Norge, Postboks 233, 4201 SAUDA